



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/3126 - 22/57155

Saksbehandlar:

Are Frøysland Grande

are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:

15.07.2022

Svar på førespurnad om utsett frist for uttale - gbnr 137/818 Alver

Syner til brev av 13.07.2022 med førespurnad om utsett frist frå 29.07.2022 til 26.08.2022 for uttale grunna ferieavvikling.

Tidsfrist for statlege og regionale myndigheiter uttalefrist i plan- og byggesaker er satt til 4 veker jf. SAK10 § 7-5. Det er derimot tatt høgde for at nokre saker kan krevje meir enn 4 veker frist. Dette er for eksempel barmarksynfaring eller når kulturmyndigheitene etter kulturminnelova har ein frist på 3 månadar for å uttale seg.

Kommunen har moglegheit til å forlenge fristen for andre myndigheiter i særlege tilfelle. Vi vil presisere at ferieavvikling ikkje fell inn under særlege tilfelle som gjev grunnlag for utsetting av fristen.

Derimot må kommunen i alle tilfelle sjå til om saka er tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova § 17. I det tilfelle det ligg føre uttale frå regional mynde før kommunen fattar vedtak i saka, skal denne likevel takast omsyn til om det ikkje forsinkar saksgangen. I denne konkrete saka har det vore gjennomført eit møte med Vestland Fylkeskommune 26.01.2021 knytt til lemstova.

Søknaden var komplett 08.04.2022 og sendt på høyring 01.07.2022. Kommunens frist for handsaming er 12 veker frå søknaden var komplett, og tida saka ligg på høyring tel ikkje i med i dei 12 vekene. Kommunens formelle frist for vedtak i saka er såleis 29.07.2022.

Ved oversitting av tidsfristane i SAK10 § 7-4 bokstav a og plan- og bygningslova § 21-7 første og fjerde ledd skal kommunen redusere gebyret med 25 % av det totale gebyret for kvar påbegynte veke tidsfristen overskridast.

I denne konkrete saka, basert på kulturminneverdiar og historikk i saka, ser kommunen det som naudsynt å få inn uttale frå Vestland Fylkeskommune i saka. Fristen for uttale er såleis forlenga til 26.08.2022.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN